

Invitasjon til Hagen – eit inkluderingsprosjekt

Hagen er eitt av ni kunstprosjekt som fekk støtte av prosjektet INK 2013. INK er ei forkorting for inkludering, og viser til fokuset på å skape kvalitetsproduksjonar for og med barn og unge med spesielle behov.

Hagen er ein storskala utandørsinstallasjon der ein lagar ein midlertidig og kunstig hage av resirkulerbar plast. Skulen deltek i planleggingsarbeidet, samlar inn plastmateriale, bestemmer kor hagen skal vere, designar "bed" og ikkje minst, skaper objekt som kan "gro" og "bu" i hagen. Prosjektet tar mål av seg å inkludere hele skulen og å legge til rette for at elevar og lærarar kan møtast i ein felles kreativitets- og mestringsprosess. Ei realisering av Hagen fremmar kunnskap og kompetanse på fleire nivå. Prosjektet kombinerer lek, kreativitet og læring, og utfordrar positivt til samarbeid, mestring og nytenking.

Prosjektet gir rom for fordjuping og utprøving, sentralt for eit demokratisk kunstprosjekt der alle kan møtast som likeverdige parter. Lengda på prosjektet vil variere alt etter storleiken på skulen, og strekkjer seg over minimum 6-8 dagar. For skular med meir enn 100 elevar, tar det lenger tid.

Dersom kommunen/skulen er interessert i å delta i dette prosjektet ber vi dykk melde tilbake innan 19. juni 2017 til dks@hfk.no

Kriterium:

- Skulen må ha elevar med spesielle behov.
- Lærarkollegiet må vere førebudd.

Alt etter kor stor interessa er, vert det valt ut nokre skular som får prosjektet. Sjølve gjennomføringa vert våren 2018. Som de vil sjå kan skulen sjølv vere med på å avgjere kor stort omfang prosjektet skal ha, og kor mykje de vil jobbe på eigenhand når utøvarane ikkje er til stades.

PROSJEKTBEKRIVNING HAGEN

Kategori: Visuell kunst og arkitektur

Genre: Installasjon, verkstad, dokumentasjon

Utøvarar: kunstpilotane André Steenbuch Marandon og Annette Lie Marandon

Målgruppe: Alle, og særleg elevar med spesielle behov

Hagen

Innleiande presentasjon og tilpassing av omfang dannar utgangspunktet for ein kombinert Flaggdag og workshop der elevar og lærarar saman utforskar landskapet og kva «artar» som kan leve i Hagen. Med diskusjonar, teikningar og «flaggplantning» som bakgrunn, startar sjølve prosjektveka. «Utplantinga» skjer i ein open prosess, strukturert og diskutert i faste byggemøter der alle deltek.

Den fysiske størrelsen på hagen og kor mykje tid ein kan bruke, vil tilpassast kvar enkelt skule og variere alt etter skulen sin kapasitet, organisering og mengde elevar. Vidare er tanken at skulen og elevane kan jobbe med prosjektet utan at kunstnarane er til stades, og at den enkelte skule sjølv kan avgjere varigheita på prosjektet utover dei avtalte dagane. Prosjektet blir avslutta med ein hagefest.

Prosjektet er tenkt så opent og demokratisk som mogleg, der elevar og lærarar har lik innverknad på prosjektet. Det er viktig at lærarkollegiet møter kunstnarane for å avklare forventningar, praktiske føresetnader, rammer og fordeling av oppgåver. Desse møta vil gå føre seg gjennom heile prosjektet, slik at ein sikrar eit så godt utbytte som mogleg for både elevar og lærarar.

Prosjektet består av følgjande deler:

1) Organisering

Møte 1: Presentasjon av prosjektet for alle elevar og lærarar gjennom samtale og idéutveksling i plenum. Møte mellom lærarkollegiet og kunstnarane for å diskutere rammer og gjennomføring. Møte mellom kunstnarane og elevane i klasserommet for å bli litt betre kjent og for å lufter problemstillingar som ikkje kjem fram i plenumsmøtet.

Møte 2: Møte mellom lærarkollegiet og kunstnarane der prosjektet sitt omfang ytterligare vert diskutert, og ein meir detaljert framdriftsplan vert lagt. Her er det også moglegheit for ytterligare møter i dei ulike klassane.

Omfang, organisering og innhald vert utvikla i samarbeid, og kan tilpassast individuelle behov og ønskje. Eit mål for prosjektet er at alle som ønskjer skal kunne delta, og at skulen og kunstnarane gjensidig legg til rette for dette. Prosjektet vektlegg i tillegg at elevar med spesielle behov og deira pedagogar og støttespellarar vert involvert i alle ledd.

2) Prosjektering - Flaggdag

Prosjektet opnar med at elevar og lærarar set ut kvar sitt flagg på den viktigaste staden for kvar einskild. Lik ein polfarar som sett ned flagget vert kvar flaggsetting fotografert av ein medelev og nøye markert på eit kart. Mønsteret av planta flagg vil danne utgangspunkt for det vidare arbeidet med plassering av Hagen.

3) Workshop om kva som kan «bu» i Hagen

Ein kollektiv teikne- eller materialworkshop startar prosessen med kva som kan bu og leve i hagen. Kva habitat må til for å romme dei mange «artane» som skal vere der? Skisser og tankar vert teken med i planlegginga av kor og korleis det blå nettet, som er sjølve basen i Hagen, skal plasserast.

4) Realisering av Hagen

Kollektiv montering av eit blått stillasnettet og produksjon av objekt til Hagen. - Den blå duken vert montert samstundes som dei ulike objekta til Hagen vert produsert. Ei stadig veksling mellom utprøving av teknikkar, objekt og plassering av desse ute i Hagen, driv prosessen vidare. Ein startar kvar dag med byggemøte der ein snakkar litt om dagens utfordringar. Dagen vert også avslutta med byggemøte, der ein summerer opp dagen og pratar om kva som skal skje vidare. Utfordringar undervegs vert teke opp i plenum eller i mindre grupper der ein legg vekt på at ein finn løysningar i fellesskap. Om ønskeleg kan ein ha ein Hagefest midt i produksjonsveka der foreldre og andre kan være med å bidra til Hagen.

Samarbeid i teknisk gjennomføring, gruppering av objekt som høyrer saman, samt sosial samhandling og felles byggemøter er kjernen i denne delen av prosjektet. Det er utfordrande å jobbe mot ein deadline, men brått er dagen der og hagen står ferdig og open for alle å besøke og oppleve.

5) Dokumentasjon

Som eit sosialt, kollektivt og prosessuelt prosjekt er det viktig med dokumentasjon. Dei ulike fasane i prosjektet kan dokumenterast av dei involverte gjennom foto, film, tekst og teikningar.

Varigheit

Organisering, prosjektering, flaggdag, montering av duk og produksjon kan realiserast intensivt i løpet av ei prosjektveke pluss innleiande møte og hagefest. Hagen kan med fordel stå lenger enn dette. Det er enkelt å drive vedlikehald, og kanskje har ein lyst til å utvikle Hagen etter årstidene.

Erfaringar og nytte

Ei viktig tilbakemelding frå skular som har hatt prosjektet før, er ønsket og behovet dei involverte har av både å kunne oppleve og å skape, og å kunne vere til stades i kunsten med heile seg og på eigne premisser. Gleda og stoltheita ved sjølv å vere medskaparar i eit stort kollektivt, estetisk prosjekt - ein unik, stadspeci- fikk hage er for alle, også elevar med spesielle behov.

Som medskaparar vil elvane stå overfor ulike utfordringar som kan løysast gjennom tilpassa brukargrense-
snitt og individuelle løysningar. Innsatsen til den enkelte er ein nødvendig del av det totale uttrykket, ein
spektakulær installasjon som ein både kan oppleve på avstand, opphalde seg i, og som ein sjølv har vore
med på å skape.



Foto: André Steenbuch Marandon og Annette Lie Marandon




Foto: André Steenbuch Marandon og Annette Lie Marandon

Fleire bilete og meir informasjon på: <http://hordaland.ksys.no/produksjon/206464>